# Eid kommune

## Kjerneområde for landbruk

## Ein utfyllande tekstdel

## Retningslinjer til kommuneplanen sin arealdel

## 2007-2018



# KJERNEOMRÅDE LANDBRUK – REGISTRERING AV VIKTIGE OMRÅDER FOR MATPRODUKSJON OG KULTURLANDSKAP

## INNLEIING:

Dei siste 50 år er meir enn 1 mill. da dyrka og dyrkbar jord omdisponert til anna føremål i Noreg. I tillegg er verdfulle kulturlandskap redusert i verdi ved bygging og gjengroing. Dersom denne utviklinga held fram vert jord- og landskapsresursane sitt fortrinn for busetting og næringsutvikling redusert.

Landbruks- og matdepartementet har sett som mål å:

- Halvere den årlege omdisponeringa av jordresursar innan 2010.
- Sikre bærekraftig resursforvaltning ved å ta vare på og halde kulturlandskapet ved like.

Kartfesting av såkalla kjerneområde for landbruk er viktig for å nå målet.

Situasjonen i Eid kommune avviker truleg ikkje så mykje frå landsgjennomsnittet. Også i Eid omdisponering av jordareal og redusert verdi av kulturlandskapet registrerbart. Når Fylkesmannen i Sogn og Fjordane lyste etter pilotkommunar som vil gjennomføre ei kartlegging av kjerneområde meldte Eid si interesse og vart med i pilotprosjektet.

Kartfesting av kjerneområde for landbruk er gjort i nært samarbeid med bondelaga i kommunen. I hovudsak er det laga sjølve som har kome med innspel til kartlegginga.

## FØREMÅL

Kjerneområde landbruk, areal for matproduksjon skal vere retningsgjevande for arealdisponeringa i kommunen dei næraste åra. Omdisponering av godt jordbruksland i kjerneområde skal vere ein tyngre prosess enn omdisponering av anna areal.
Kjerneområde landbruk, kulturlandskap skal først og fremst gi signal om å vise omsyn ved tiltak som kan tenkjast å ha negativ verknad for kulturlandskapet.

## KRITERIER

Ved kartfestinga av kjerneområda har ein lagt vekt på å avgrense større samanhangande område sjølv om dei ikkje er homogene. Områda vil innehalde areal som ikkje direkte kan kallast kjerneområde for matproduksjon eller kjerneområde kulturlandskap.

**RETNINGSLINER**

Retningsliner for arealdisponering innafor kjerneområde for matproduksjon:

| | |
|---|---|
| Fulldyrka jord, dyrkingsjord og beite | • Fulldyrka jord og beite skal nyttas til matproduksjon og berre i særlege tilfelle kunne omdisponerast til anna bruk.<br>• Nedbygging eller omdisponering av dyrkingsjord slik at dyrking vert vanskeleg, skal berre i særlege tilfelle tillatast.<br>• Særlege tilfelle kan være:<br>o Mindre, samanhangande areal som har dårleg arrondering.<br>o Omdisponering som er naudsynt for drift av landbrukseigedomen.<br>o Kårhus ved eigedomsomverdraging.<br>o Tunge / viktige samfunnsinteresser.<br>• I område med høve til spreidd bustad- / hyttebygging skal frådeling / bygging ikkje skje på kjerneareal for matproduksjon.<br>• Ved omdisponering av areal vert val mellom ulike alternativ å prioritere slik:<br>o Dyrkingsjord –> beite –> overflatedyrka jord –> fulldyrka jord<br>o Ute av bruk –> i bruk<br>o Små areal –> større areal |
| Skogsmark anna utmark | • Skogsmark anna utmark innafor avgrensinga av kjerneområde har ikkje spesiell status framfor liknande område utafor kjerneområdet. |
| Generelt. | • Ved vurdering av omdisponering skal omsynet til driftsmiljøet for brukaren vege tungt uavhenging av kva arealkategori ein omdisponerer.<br>• Det er viktig å ikkje infiltrere kjerneområda med føremål som set eller kan setje avgrensing på aktiv landsbruksdrift. |

Retningsliner for tiltak og arealdisponering innafor kjerneområde for kulturlandskap:

| | |
|---|---|
| Fulldyrka jord, dyrkingsjord og beite, viktige kulturlandskaps-element. | • Omdisponering av jordbruksareal i kjerneområde for kulturlandskap skal skje på ein slik måte at verdien av kulturlandskapet ikkje vert vesentleg redusert.<br>• Bygningstiltak innafor kjerneområdet skal vere tilpassa byggjestilen som gjev karakter til området.<br>• Andre tiltak i området skal vere godt tilpassa terreng og ikkje redusere verdien av landskapet vesentleg.<br>• Skogsmark anna utmark innafor avgrensinga av kjerneområde har ikkje spesiell status framfor liknande område utafor kjerneområdet. |
| Generelt. | • Ved vurdering av omdisponering skal omsynet til kulturlandskapsmiljøet i område tilleggjast vekt uavhenging av kva arealkategori ein omdisponerer. |

## UTFYLLANDE TEKST TIL KARTDELEN:

### STÅRHEIM.

| | |
|---|---|
| Høynes | Kjerneområde matproduksjon.<br>• Området omfattar det sentrale dyrka arealet mellom sjøen, tuna på Høynes Øvre, Botn og Høynes Nedre.<br>• Området er i drift, og treng førebels ikkje spesiell merksemd i forhold til opphør av drift eller begynnande gjengroing. |
| Ytre Rød – Myrold – Stårheimseter. | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:<br>• Området er samansett av ulike arealkategoriar og kjerneområdet gjeld i hovudsak fulldyrka og overflatedyrka jord og beite.<br>• Kjerneområdet er i drift med unnatak av mindre, marginale areal i vestre del og noko beite i Stårheimsdalen og på Stårheimseter.<br>• Områder som lett kan falle ut av drift: Rød – Orheimsbakke, indre del av Stårheim og Stårheimseter.<br>• Områder disponert for gjengroing: Områder som i dag er ute av drift, og på sikt områder som lett kan falle ut av drift.<br>• Viktige kulturlandskap er: Røed – Orheimsbakke, beiteområda i Stårheimsdalen, Stårheimseter. |
| Hafsås – Torvik | Kjerneområde matproduksjon og kulturlandskap<br>• Området omfattar det dyrka arealet frå Torvik til busetnaden aust for Hafsåsneset, medrekna tuna på Hafsås Ytre og Indre.<br>• Området er i drift, men deler av det kan lett falle ut av drift eller verte omdisponert til anna bruk.<br>• Området er disponert for gjengroing dersom drifta opphøyrer.<br>• Området er og eit viktig kulturlandskap med busetnad og steingardar. |
| Nygård – Manset – Heida | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Kjerneområdet omfattar, med mindre unnatak, jordbruksarealet innafor avgrensa område.<br>• Området er for det meste i drift, men deler av det har marginal drift og kan lett falle ut, t.d.: Nygård – Remme Ytre og areal på mindre bruk.<br>• Området er disponert for gjengroing i driftssvake områder, kantareal og heimebeiteområde nord for Hanebrekke og Myrstad.<br>• Viktige kulturlandskap: Hanebrekke og Sjøasetra.<br>• Heida er viktig beiteområde. |

## HAUGEN

| | |
|---|---|
| Naustdal – Løkja – Bjørhovde | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Kjerneområdet omfattar, med mindre unnatak, jordbruksarealet innafor avgrensa område.<br>• Området er i drift. Mindre, marginale område kan fall ut i næraste framtid.<br>• Mindre, marginale område er disponert for gjengroing.<br>• Viktige kulturlandskap er: "klyngetunet" på Naustdal, sentrale tunområde på Bjørhovde og Grøthaug. |
| Haugen – Haugland – Engeland | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Kjerneområdet omfattar, med mindre unnatak, jordbruksarealet innafor avgrensa område<br>• Arealet er i drift med unnatak av deler av Sefland og noko areal på Seljebakke og Lien.<br>• Området er disponert for gjengroing på grunn av marginal drift i nokre områder og mykje kantsoner.<br>• Viktig kulturlandskap er Halsteinslid |
| Lid | Kjerneområde kulturlandskap.<br>• Øvre Lid representerer det viktigaste kulturlandskapet. Det er allereie nytta ein del SMIL / STILK- midlar i området.<br>• Området er disponert for gjengroing. |
| Lidasetra | Kjerneområde kulturlandskap |
| Hjelmeland – Smørdal. | Kjerneområde matproduksjon<br>• Området omfattar, med mindre unnatak, jordbruksarealet innafor avgrensa område.<br>• Driftsgraden varierer innafor området frå intensivt drivne areal til areal heilt ute av, Espe og Dalset.<br>• Områder ute av drift og områder med svak drift er utsett for gjengroing. |
| Engeland – Harpefossen | Kjerneområde matproduksjon<br>• Området omfattar viktig areal med beite og dyrkingspotensiale. |
| Harpefossen – Brekka | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Området omfattar seter- og beiteområde. Arealet er viktig for matproduksjon i andre kjerneområde i krinsen.<br>• Området er i meir eller mindre intensiv beitedrift.<br>• Området er disponert for gjengroing i sentrale beiteområde.<br>• Viktige kulturlandskap er Tippasetra, Nakkesetra, Naustdalsetra, Bjørhovdesetra og Seflandsetra.<br>• Området har relativt stort dyrkingspotensiale. |

**NORDFJORDEID**

| | |
|---|---|
| Eidsbygda | Kjerneområde matproduksjon.<br>• Kjerneområdet omfattar, med mindre unnatak, jordbruksarealet innafor avgrensa område, og Bjørlomona og Leivdalsmona.<br>• Om lag alt areal er i dag i drift, med unnatak av mindre og isolerte jordbruksareal. På sikt kan fleire marginale område falle ut av drift.<br>• Areal med svak drift vil stå i fare for å gro igjen.<br>• Området har dyrkingspotensiale i Leivdalsmona og Bjørlomona. |
| Nes – Skaugset | Kjerneområde matproduksjon<br>• Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet innafor avgrensa område.<br>• Om lag alt areal er i dag i drift<br>• I dag er det liten fare for gjengroing av kjerneområdeareal. |
| Utmark Skårhaug – Hjelle | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Området omfattar beite- og seterområde. Arealet er viktig for matproduksjon på innmarksareal i Eidsbygda.<br>• Området er i meir eller mindre intensiv beitedrift.<br>• Området er disponert for gjengroing i sentrale beiteområde.<br>• Viktige kulturlandskap er knytt til setrane, Hjellesetra, Sagesetra, Alsakersetra, Langelandssetra og Skårhaugsetrane. |
| Rindal | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet omfattar innmarksareal og tuna innanfor den gamle steingarden.<br>• Området er i drift.<br>• Pr. i dag er det lite fåre for gjengroing. |
| Os – Taklo | Kjerneområde matproduksjon<br>• Kjerneområdet heng saman med Eidsbygda og omfattar jordbruksarealet på Os- Åshamar og Taklo.<br>• Om lag alt areal er i dag i drift. På sikt kan marginale område falle ut av drift.<br>• Noko beiteareal er i ferd med å gro igjen , og areal med svak drift vil stå i fare for å gro igjen. |
| Hundvik | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet omfattar jordbruksareal og bygningar i den nedre delen av Hundvika.<br>• Området har svak drift og vil stå i fare for å gro igjen. |

Sætre / Hundeide

Kjerneområde kulturlandskap
- Kjerneområdet omfattar jordbruksareal og bygningar innafor avgrensa område.
- Området har varierande grad av drift og større deler av området står i fare for å falle ut av drift.
- Areal med svak drift eller der drift er opphørt gror igjen.

Sørland

Kjerneområde kulturlandskap
- Kjerneområdet omfattar jordbruksareal og bygningar innafor avgrensa område.
- Området har varierande grad av drift og større deler av området står i fare for å falle ut av drift.
- Areal med svak drift eller der drift er opphørt gror igjen.

Torheim

Kjerneområde kulturlandskap
- Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa.
- Området har varierande grad av drift og større deler av området står i fare for å falle ut av drift.
- Areal med svak drift eller der drift er opphørt står i fare for å gro igjen.

Lindvik

Kjerneområde kulturlandskap
- Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa
- Området er i dag stort sett i drift i varierande grad.
- Areal med svak drift står i fare for å gro igjen.

Åsebøstøl

Kjerneområde kulturlandskap
- Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet noko skogareal og bygningar innafor avgrensa område ned til Hornindalsvatnet.
- Området er i drift.
- Det er liten fare for gjengroing så lenge området er i drift.

Heggjabygda

Kjerneområde matproduksjon
- Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet innafor avgrensinga.
- Om lag alt areal er i dag i drift. På sikt kan marginale område falle ut av drift.
- Noko beiteareal er i ferd med å gro igjen , og areal med svak drift vil stå i fare for å gro igjen.
- Området har ikkje dyrkingspotensiale

Hatlelid

Kjerneområde kulturlandskap
- Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa område
- Med visse unntak er heile arealet i drift. På sikt kan noen marginale områder falle ut av drift.
- Marginale areal står på sikt i fare for å gro igjen

Indre / Ytre Furefjerdingen

<u>Kjerneområde kulturlandskap</u>

- Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar på dei to bruka.
- Indre Furefjerdingen er i drift medan Ytre Furefjerdingen berre vert beita.
- Ytre Furefjerdingen står på sikt i fare for å gro igjen

Skrede

<u>Kjerneområde kulturlandskap</u>

- Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa område
- Det er aktiv drift på noen areal, men større deler av arealet har svak eller ingen drift. På sikt kan meir areal falle ut av drift.
- Areal utan drift eller med svak drift gror igjen eller står i fare for å gro igjen

Navelsaker

<u>Kjerneområde kulturlandskap</u>

- Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa område
- Berre deler av arealet er i drift. Fleire marginale områder kan på sikt falle ut av drift.
- Marginale areal står på sikt i fare for å gro igjen

Holmøyane

<u>Kjerneområde kulturlandskap</u>

- Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa område
- Berre deler av arealet er i drift. På sikt kan fleire marginale areal falle ut av drift.
- Areal utan drift eller med svak drift gror igjen eller står i fare for å gro igjen

Holmøyvik

<u>Kjerneområde kulturlandskap</u>

- Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa område
- Berre deler av arealet er i drift. På sikt kan fleire marginale areal falle ut av drift.
- Areal utan drift eller med svak drift gror igjen eller står i fare for å gro igjen

**NORDBYGDA**

| | |
|---|---|
| Lote – Lotsberg | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Området er samansett av ulike arealkategoriar og kjerneområdet gjeld i hovudsak fulldyrka og overflatedyrka jord og beite.<br>• Kjerneområda er i drift med unnatak av mindre, marginale areal i vestre del og noko beite i<br>• Lotsberg har svak drift og kan falle ut av drift.<br>• Områder disponert for gjengroing: Områder som i dag er ute av drift, og på sikt områder som lett kan falle ut av drift.<br>• Viktige kulturlandskap er: Lotsberg og dyrka areal og begyggelse på Lote. |
| Navestølen | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet gjeld sjølve stølen<br>• Stølen er ikkje i drift og står i fare for å gro att. |
| Lotestølen | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Kjerneområde for matproduksjon er to større kulturbeiter<br>• Kulturlandskapet gjeld i første omgong stølsområdet<br>• Stølen er delvis i drift.<br>• Området har dyrkingspotensiale. |
| Lotsbergstølen | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet gjeld sjølve stølen<br>• Stølen er ikkje i drift. |
| Åsane | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet omfattar jordbruksareal og bygningar på Åse Indre og Øvre Åsane<br>• Området er framleis i drift, men drifta er knytt til noverande eigar.<br>• Arealet står i fare for å gro igjen. Vern av området rund vil truleg forsterke dette. |
| Hennebygda | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Området er samansett av ulike arealkategoriar og kjerneområdet gjeld i hovudsak fulldyrka og overflatedyrka jord og beite.<br>• Kjerneområdet er i drift med unnatak av mindre, marginale areal.<br>• Marginale område kan lett kan falle ut av drift.<br>• Områder disponert for gjengroing: Områder som i dag er ute av drift, og på sikt områder som lett kan falle ut av drift.<br>• Sentrale deler av bygda er viktig kulturlandskap. |

| | |
|---|---|
| Logg | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet gjeld sjølve stølen<br>• Stølen er ikkje i drift. |
| Ytre Hennestølen | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet gjeld sjølve stølen<br>• Stølen er ikkje i drift. |
| Bakkestølen | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet gjeld sjølve stølen<br>• Stølen er ikkje i drift. |
| Indre Hennestølen | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet gjeld sjølve stølen<br>• Stølen er ikkje i drift. |

**KJØLSDALEN**

| | |
|---|---|
| Lefdalsbygda | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Kjerneområdet matproduksjon gjeld jordbruksareal i dei sentrale delene av Lefdal<br>• Kjerneområde for kulturlandskap er representert ved Lefdalshjelle, Lefdalsbakke og Lefdalsnes.<br>• Største delen av området er i drift, men ein del marginale område står i fare for å falle ut av drift. |
| Midthjell | Kjerneområde kulturlandskap |
| Haus | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet gjeld primært jordbruksområda i Etterdal, på Haus og Ramnefjell.<br>• Største delen av området er i drift, men ein del marginale område står i fare for å falle ut av drift.<br>• Store samanhangande beiteområde med svakt beitetrykk er i ferd med å gro igjen. |
| Ervik | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet gjeld den sentrale jordbruksarealet nede i Ervikbygda og på Ervikseter.<br>• Eit mindre område aust i bygda er og kjerneområde for matproduksjon.<br>• Største delen av området er i drift, men ein del marginale område står i fare for å falle ut av drift.<br>• Marginale område er i ferd med å gro igjen. Nokre av desse er ikkje teke med i kjerneområdet. |
| Kjølsdalen | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Kjerneområdet matproduksjon gjeld jordbruksareal innafor avgrensa område.<br>• Kjerneområde for kulturlandskap er representert ved |

Gilleshammer, Berstad / Hatlegjerde og Eikås.
- Stølane i området representerer verdfulle kulturlandskap.
- Største delen av området er i drift, men ein del marginale område står i fare for å falle ut av drift.
- Berre marginale områder er i ferd med å gro igjen.

| | |
|---|---|
| Reksnes | Kjerneområde kulturlandskap<br>• Kjerneområdet gjeld primært jordbruksområda innafor avgrensinga.<br>• Det meste av areala er i drift. |
| Årdal / Tømmerstøl | Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap<br>• Kjerneområdet gjeld primært jordbruksområda i Årdal og på Tømmerstøl.<br>• Det meste av areala er i drift.<br>• Det er ikkje akutt fare for nedlegging av drift |